



## Fjelberg og Eid sokn

**Nr 1    Mai 2005    24.Årg.**

### **Deg være ære**

Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se en engel kom,  
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom.

Omkved:

Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt

Se, Herren lever! Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.

Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger; Kristus Herre er!

Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei.  
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg.

### **30 års jubileum for Fjelbergstemnet 2. pinsedag**

I år er det 30 år sidan sidan Fjelbergstemnet for Misjonsalliansen vart arrangert for fyrste gongen. Det var i 1978. Som tidlegare vert det og i år 2. pinsedag som kjem på 12. mai.

Stemnet tek til med gudsteneste. Sokneprest Terje Nag, den nye generalsekretæren i Misjonsalliansen, Arnt H. Jerpstad og Halsnøyrøystene vert med.

Etter gudstenesta vert det tid til drøs på kyrkjebakken og høve til å kjøpa mat og drikke i Fjelberg prestegard før møtet om ettermiddagen.

På ettermiddagsmøtet talar Arnt H. Jerpstad, og Halsnøyrøystene deltek med song.

Det vert høve til å gje ei gåve til Misjonsalliansen sitt arbeid.

Fjelbergstemnet har sin bakgrunn i at grunnleggjaren av Misjonsalliansen, Ludvig Eriksen fekk sitt andelege gjennombrøt og fann si livsoppgåve på Fjelberg då han vitja presten der i 1887. Det førte til at han reiste til Kina som misjonær og stifta Misjonsalliansen i 1901. Misjonsalliansen er kjend for sitt arbeid for fattige og sjuke born, for sitt fjernadopsjon-sprogram og for mikrokreditt.

Me vonar mange vil ta med seg familie og vener og finna vegen hit i år og.

Fjelberg og Eid sokneråd

### **KonfCamp 08**

KonfCamp vert i år frå måndag 30/6 til søndag 6/7. 15 ungdomar herifrå er påmelde. Vi håper dei får fine dagar på Risøya ved Tvedestrand saman med dei 4 leiarane som vert med.

TN

## KVA HENDER I FJELBERG OG EID SOKN

Eit meldingsblad for Fjelberg prestegjeld

### Redaksjonen:

Soknepresten 53 47 62 47  
Norunn Agdestein 53 47 64 64  
Harald Thuestad 53 47 27 76  
Reidar Sølve Jakobsen 53 47 62 82  
(kasserar)

### KYRKJELEGE ARBEIDARAR:

Terje Nag 53 49 40 64  
terje.nag@kvinnherad.kommune.no  
Sokneprest

Marit Lindekleiv 53 47 15 51  
marit.lindekleiv@kvinnherad.kommune.no  
Organist

Grete Svalland 53 47 64 72  
grethe.svalland@kvinnherad.kommune.no  
Kontormedarb.

### Fjelberg og Eid sokneråd:

Rita Isdal Cunningham 53 48 65 91  
Soknerådsleiar.

### Fjelberg kyrkje:

Grete Svalland 53 47 64 72  
Kyrkjetenar/klokkar

### Eid kyrkje:

Håvard Eide 53 47 64 20  
Klokkar

Idar Bjørgen 53 47 72 55  
Kyrkjetenar/gravar

### Kontortid, kyrkjekontoret.

Tysdag og torsdag kl. 11.00-14.00

Telefon 53 47 62 47  
Fax 53 47 20 22

### Internettsider:

[www.kyrkja-kvinnherad.no](http://www.kyrkja-kvinnherad.no)  
[www.menighetsblad.no](http://www.menighetsblad.no)

### e-mail til redaksjon:

red.fjelberg@knett.no

Trykking og utsending av blad kostar. Det vert  
ikkje billigare med åra. Ønsker DU å støtta til,  
kan du betala til kontonummer: 3520.58.66947.  
All hjelp tas imot med TAKK.

## I GLEDE OG SORG

### Døypete i Eid kyrkje

06.01.08 Sander Sjø  
20.01.08 Erika Skaare-Fatland  
Asle Romslo (Skjold kyrkje)  
Ole Gerhard Eide-Røssland  
23.03.08 Hanna Sjøvanger  
Tiril Isdal Tofte

### Gravlagde i Fjelberg kyrkje

07.12.07 Halvard Miljeteig

### Gravlagde i Eid kyrkje

13.12.07 Ingrid Johanne Johnsen  
27.12.07 Sæmund Brede Sjø  
19.02.08 Karl Karlsen  
28.02.08 Torbjørn A. Fjelland  
06.03.08 Olga Margrethe Rygg  
13.03.08 Hallvard Koløy  
28.03.08 Olaug S. Eide

### Takk til konfirmant-teamet

Konfirmasjonstida 07/08 går mot si avslutning. Eit leiarteam i  
Zoar har hatt ansvaret for eit U-Alpha kurs for konfirmantane.  
På vegne av soknerådet vil eg seia mange takk for det arbeidet  
de har gjort.  
TN

### Konfirmantar i Fjelberg kyrkje 27. april 2008

Martin Clement Kviteberg  
Stein Tore Svalland

### Konfirmantar i Eid kyrkje 03. mai 2008

Andreas Bjørgen  
Malin Kloster Eide  
Bjørn Inge Tofte Eide  
Andreas Medhus Eide  
Richard Bjørgen Ersland  
Daniel Forsmo  
Silje Hval Hoff  
Kristoffer Eide Hvidevold  
Marion Fatland Koløy  
Juliane Røyryøy Koløy  
Sindre Netteland Landa  
Rebecca Stokka Nordheim

### Konfirmantar i Eid kyrkje 04. mai 2008

Vegard Grønstøl Aasheim  
Aud-Helen Rein Eide  
Morten Eide  
Mats Johan Seeberg Eriksen  
Marcus Folgerø  
Edith Wågen Hauge  
Jostein Vik Rusten  
Hanne Kristine Sjø  
Christer Gaute Sjø  
Mona Tofte

## Gudstenesteliste for Fjelberg og Eid

11.mai	Kl. 11.00	Eid	Høgtidsgudsteneste- pinse, nattverd
12.mai	Kl. 11.00	Fjelberg	Fjelbergstemnet, nattverd
17.mai	Kl. 10.30	Fjelberg	
17.mai	Kl. 12.00	Eid	
25.mai	Kl. 14.00	Høylandsbygd	Friluftsgudsteneste
01.juni	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
08.juni	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
15.juni	Kl. 16.30	Fjelberg	Sommarkonsert
22.juni	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
05.juli	Kl. 11.00	Fjelberg	Musikkandakt
06.juli	Kl. 11.00	Eid	
13.juli	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
20.juli	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
29.juli	Kl. 19.00	Fjelberg	Olsokgudsteneste
10.aug	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
17.aug	Kl. 11.00	Høylandsbygd	
24.aug	Kl. 11.00	Eid	Konfirmantpresentasjon
31.aug	Kl. 11.00	Fjelberg	Konfirmantpresentasjon
07.sept	Kl. 11.00	Eid	Nattverd

## Kurs for medarbeidarane i kyrkja

I fjor vart alle som har ei eller anna teneste innan kyrkja, inviterte på fest. I år vart det i staden arrangert kurs for medarbeidarane. Dette kurset vart halde på Zoar torsdag 7. februar. Kurset var også eit tilbod til andre interesserte. Det var mellom 20 og 30 som deltok.

Oddmund Tofte leia samveret, og han gav fyrst ordet til Terje Nag som heldt andakten for oss. Han snakka om dette med å bera børenene for kvarandre og på den måten oppfylla Kristi lov. Me vart minna om at alle kan vera noko for nokon.

Prosten vår, Svein Arne Theodorsen, hadde eit foredrag som han kalla "Samman som medarbeidar i Bjørgvin". Han hadde fokus på den nye diakoniplanen som kyrkjemøtet har utarbeidd. Kwart sokn skal - ut frå denne planen - laga sin eigen diakoniplan. Ikkje alt i kyrkjemøtet sin plan vil passa for alle lokalsamfunn, difor skal Fjelberg og Eid sokn ta stilling til kva det skal satsast på her. Theodorsen poengterte at me er ei tenande kyrkje; ei kyrkje som syner omsorg og "spelar på lag med" svake og utstøytte. Nøkkelord i planen er nestekjærleik og inkluderande fellesskap. Det å setja

mot i kvarandre og arbeida i kampen for rettferd, blir viktige punkt i diakoniarbeidet. Diakonien er eit hovudaspekt ved kyrkja sitt liv, minna prosten oss om.

Det vart også tid til eit enkelt måltid der deltakarane kunne prata og hyggja seg saman. Me som deltok, fekk ein fin kveld på Zoar.

NA

## Innsamlinga ved konfirmantane

Konfirmantane gjorde ein flott innsats i ruskever ved innsamlinga 5/3 til misjonær Anne Storstein Haug sitt arbeid på barneheimen "Home of Praise" i Bangkok, Thailand.

Det vart samla inn kr. 17.365,50. Mange takk til alle som gav, til konfirmantane og til dei andre som hjalp til. Sjå side 4.

TN

## Litt info angående Fjelberg krins.:

BÅTSKYSSEN TIL / FRÅ Fjelberg kyrkje.

Prisen frå 1. april 2008 er: barn: 10 kr. kvar veg  
vaksne: 20 kr. kvar veg

TOALETTA i Fjelberg kyrkje er inntil vidare i ustand. Ein kan nytta toalettet i bårhuset.

Helsing Grethe.

## "HAPPY" BRANDØY-KVELD I ZOAR!



Tirsdag 8.april var det den nye Brandøy-hallen som var i fokus! Happy, Ving og Søndagsskolen arrangerte då ein leirkveld med utlodning til nybygget på Brandøy! Ragnhild Nesse, barne- og ungdomsarb i Samskipnaden, skulle ha vore med oss, men måtte melde pass. Men Happy var på plass, iallfall "kjernen" i koret, og dei gledde dei frammmøtte med songen sin, trufast leia av Bjarnhild!

Marit steppa inn med ein andakt, og så var vi klar for leirpresentasjon! Kjartan sat klar med powerpointopplegget frå Samskipnaden! Vonar det kan gi nokon nye lyst til å reise på leir!

Så var det loddsal! Alle barn i aksjon med årar og penge-korger! Her gjekk det unna! Ikkje rart, for det venta eit skikkeleg gevinstbord – medbrakt av dei frammmøtte!! Forts. side 4

## En hilsen fra Lovsangshjemmet



Lovsangshjemmet



Ei av jentene på Lovsangshjemmet



Ei jente fra Lovsangshjemmet som holder Thanan

Hei!

Her kommer en hilsen fra Lovsangshjemmet i Klong Toey slummen i Bangkok. Først av alt ønsker jeg å si tusen takk til dere konfirmanter som har samlet inn masse penger til oss. Dere skal vite at pengene kommer veldig godt med. Pengene dere har samlet inn, vil gå til å drive Lovsangshjemmet; til å betale lønnen til lærere, mat og melk, diverse utstyr osv.

Lovsangshjemmet ligger som dere kanskje vet, i det største slumområdet i Bangkok, det bor ca 300 000 -400 000 mennesker der. De fleste som bor der, er fattige mennesker fra landsbygda som kommer til byen i håp om et bedre liv. De blir som regel skuffet.

Livet i slummen er på mange måter et vanskelig liv. Det er høy arbeidsledighet, og de som er så heldig å ha en jobb, har som regel

et hardt og dårlig betalt arbeid. Slummen kontrolleres av den lokale mafiaen, og det er mye kriminalitet. De som lider mest under dette, er barna. Lovsangshjemmet prøver å gjøre noe for disse barna. Vi ønsker å være en oase midt i den grå og triste slummen - en plass hvor barna kan komme og møte voksne som har tid til dem og som har masse kjærlighet å gi. Vi som jobber der, er alle kristne, og vi prøver å vise noe av Guds kjærlighet gjennom det vi gjør. Lovsangshjemmets småbarnsbarnehage har åpent mandag-fredag fra klokka 7.30- 15.30. Det er 30 barn i alder 6 måneder- 3 år som går der. Når de fyller 3 år, får de tilbud om å gå på stor avdeling i Immanuel kirkens (som er Lovsangshjemmets eier) daghjem. Der kan de gå fram til de begynner på skolen. På ettermiddagen åpner

vi senteret for større barn. Da kan alle som vil komme inn og delta på de ulike tilbudene som Lovsangshjemmet har. Tilbudene vi har nå i år er data, engelsk, forming, musikk, sport, kino og det vi kaller åpen barnehage, da kan de komme inn og leke med de lekene vi har på senteret.

Jeg har jobbet på Lovsangshjemmet i litt over 6 år, men er nå i fødselspermisjon. Etter noen år i Thailand så møtte jeg Be fra Bangkok, han er nå mannen min, og vi har fått to gutter, Chalom på 1 år og 5 måneder og Thanan på 4 måneder. Fra første mars begynte jeg å jobbe igjen, men bare en gang i uken.

Igjen tusen takk for all støtte fra dere.

Vennlig hilsen Anne Storstein Haug (som nesten er en Halsnøybu)

## Forts. "HAPPY" BRANDØY-KVELD I ZOAR !

Takka vere Kjartan, som fiksa teknikken, gjekk også trekninga kjapt for seg- og snart hadde alle gevinstane bytta eigar! Bollar, kaffi og saft smakte godt for dei 23 frammøtte, som avslutning på kvelden .

Resultat av loddsalet vart kr: 1555,- Takk til alle som kom, gav gevinstar og tok lodd! Eit viktig bidrag til ein viktig misjonsstasjon i krinsen vår!

M.L.



Formingsaktivitet



Guttene våre, Chalom og Thanan



Sportsaktivitet



Fruktstund i barnehagen